

Finansdepartementet
Pb. 8008

0030 OSLO

Vår ref.
13/1054-19

Dykkar ref.

Arkiv
K1-232

Dato:
16.09.2015

Høyringsuttale frå Askvoll kommune

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Askvoll formannskap viser til Finansdepartementet sitt høyringsnotat av 18. juni 2015, og gjev følgjande uttale frå Askvoll kommune:

- Askvoll kommune støttar ikkje framlegget til endringar i eigedomsskatteregelverket.
- Forslaga vil føre til store inntektstap for kommunane og om lag halvparten av inntektstapet vil verte overført til staten i form av auka selskapsskatt m.m.
- Kommunane må ut i frå omsynet til lokalt sjølvstyre og økonomisk handlefridom, få halde på retten til å sjølv vurdere om det skal skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk, inklusiv produksjonsutstyr.
- Dersom regjeringa likevel går vidare med framlegget, må det setjast ned ein bredt samansett lovkomité for det vidare arbeidet med saka.
- Eventuelle endringar i lova som innskrenkar retten til å skrive ut eigedomsskatt må kompenseras fullt ut, og dette må verte synleggjort og stadfesta i ei eventuell sak til Stortinget.

14.09.2015 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:


Rådmannen sitt framlegg vart vedteke.

FOR-132/15 VEDTAK:

Askvoll formannskap viser til Finansdepartementet sitt høyringsnotat av 18. juni 2015, og gjev følgjande uttale frå Askvoll kommune:

- Askvoll kommune støttar ikkje framlegget til endringar i eigedomsskatteregelverket.
- Forslaga vil føre til store inntektstap for kommunane og om lag halvparten av inntektstapet vil verte overført til staten i form av auka selskapsskatt m.m.
- Kommunane må ut i frå omsynet til lokalt sjølvstyre og økonomisk handlefridom, få halde på retten til å sjølv vurdere om det skal skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk, inklusiv produksjonsutstyr.
- Dersom regjeringa likevel går vidare med framlegget, må det setjast ned ein breitt samansett lovkomitè for det vidare arbeidet med saka.
- Eventuelle endringar i lova som innskrenkar retten til å skrive ut eigedomsskatt må kompenseras fullt ut, og dette må verte synleggjort og stadfesta i ei eventuell sak til Stortinget.

Med helsing



Håkon Loftheim
rådmann

Direkte tlf.: 57 73 07 03